

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 13.02.2017

Handsaming i møte

Kontrollutvalet ønskjer å endre punkt 4 i vedtaket slik: «Kontrollutvalet oppmodar sterkt om at fylkesrådmannen sikrar at rutinane, når det gjeld kalkulering av prosjektkostnader og tidspunkt for avlegging av prosjektrekneskapane, er gode og dekkande nok.»

Med denne endringa i punkt 4 vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet viser til konklusjon frå Deloitte, der det går fram at prosjektrekneskapane gjev eit rettvise bilete av at prosjekta er i samsvar med god kommunal rekneskapsskikk og tar konklusjonen til etterretning.
2. Utvalet har igjen merka seg at eit av prosjekta har store avvik i høve opphavleg budsjett og at det difor kan vera grunn for å spørja om kalkylane, eller grunnlagsmaterialet for kalkylane, har vore gode nok.
3. Vidare har utvalet merka seg at det for begge prosjekta har teke omlag 4- 5 år frå siste løyving vart gjeve og til prosjektrekneskap er avlagt. Det kan difor vera grunn til å stille spørsmål ved om prosjektrekneskapane burde vore avlagt tidlegare
4. Kontrollutvalet oppmodar sterkt om at fylkesrådmannen sikrar at rutinane, når det gjeld kalkulering av prosjektkostnader og tidspunkt for avlegging av prosjektrekneskapane, er gode og dekkande nok.